

Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

80. ÅRG. / NR. 4 - 2025



*Ha ei velsigna
advents-
og juletid!*

**Helsing frå
biskopen**

Side 3

**Mange
konsertar**

Side 6

**Konfirmant-
jubilantar**

Side 14-15



www.kyrkja.no/vaksdal

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Fredrik Hope *Sjukemeldt*Vikarprest Roar Strømme *Ut året*

Mobil: 97 03 77 37 / E-post: rs466@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen
og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Kristin Straume Normann

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Kantor Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Kyrkjelydssekretær Martin V. Kvamsøe

Tlf. 56 59 39 20 / E-post: mk729@kyrkja.no

Samtale med presten?

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon

om gudstenester mm finn du på

kyrkja.no/vaksdal og skjerikyrkja.no

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065

Dale kyrkje: Kyrkjegata 1

Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014

Eksingedalen kyrkje: Søralsvegen 10

Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31

Stamnes kyrkje: Grupevegen 19

Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

VIPPS

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111



Stoff til neste nummer må vera kome inn til 9. mars.

Bilete på framsida: Stamnes kyrkje

Då var den her igjen...

Hausten er omme, før me rakk å registrere at den var der, og sumaren er eit fjernt minne. At det berre for nokre veker sidan var over 20 varmegrader, er liksom heilt uforståeleg. No er det berre å finne fram varme sko, hue og vinterklede. Nokre gler seg jo til denne årstida, men eg kjenner at det ikkje er heilt slik. Det som kanskje reddar meg år etter år, er advent og julehøgtid.



Denne høgtida som kjem når det er på det kaldaste og det mørkaste. Adventsstjerner i vindauga. Belysning på hus, og trær i folks hagar. Mariah Carey på langsam opptining, den songen som er like lei av kvart år, men som må spelast på full guffe.

For oss som er glade i musikk og konsertar er Desember ei travel tid. Mange store kulturelle opplevingar ventar på oss, og mange skal være med å synge med eit kor, eller spele eit instrument på konsert eller juleavslutning.

Dette året skal igjen kyrkjeklokkene ringe, og me skal minnes han som vart menneske og kom til jord for om lag to tusne år sidan. Eit lite barn i ein stall i ei krybbe i Betlehem som endra verdshistoria. Gud som vart menneske fordi han ville ha fellesskap med oss, med deg. Vil du ha fellesskap med han?

Riktig god jul i vente!

*Bjart-Magnus N. Rosvold,
Kyrkjeverje i Vaksdal*

*Sokneprest Fredrik Hope er sjukemeldt, og vert vekke ut året.
Roar Strømme er vikar for han i denne tida.*

Fellesrådsleiar:

Elisabeth Verpelstad, tlf. 40 89 53 24 /

e-post: elisabeth.verpelstad@icloud.com

Soknerådsleiarar:

Bergsdalen: Kari Kristin Hopperstad Rødland, tlf. 97 79 19 43

Dale: Eli Leiren, tlf. 99 32 53 53

Eksingedalen: Kari Brørvik, tlf. 99 48 59 18

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Tove Margrete Nordmark, tlf. 99 64 23 17

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no

Björgvin bispedømme si heimeside: www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Avgiftsfritt.

Bladpengar: kr 250,-

Bankgiro: 3500.07.05800

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Bladstyarar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming: Wenche Horvei

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: RKGrafisk, tlf. 99 21 42 00

Retur til: Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Kyrkjeblader frå 1971 og framover kan lesast på: kyrkja.no/vaksdal



Julekort

Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik: «Kjære Jesus». Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus. Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i denne tida: Med stor omsorg for mot-takarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus. Og ikkje minst: Med overtydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske gleden:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de

kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft. (Rom 15, 12-13)

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie:
Kjære Jesus!

For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som vaks fram or ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von ved Den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håplaut, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen.

Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske med Guds blikk. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

*Kjære Jesus, det er du som skal kome.
Av den tørraste kvist skal von springe fram.
Av det som ingen rekna for noko, skal liv bryte fram.
Vi gler oss til du kjem. Vi treng at du kjem.
Amen.*

Helsing Ragnhild Jepsen
Biskop

Min salme

Fleire salmar kunne ha vore nemnde her, og då helst av dei gamle eg lærte som barn og i konfirmasjonstida, det er dei som har gjort mest inntrykk og som sit best i.

Dei har so mykje visdom og djupn i seg.

Den utvalde vart likevel nr. 418 i Norsk salmebok, «Jesus, du er den himmelveg».

Nedanfor nyttar eg versjonen eg har frå Nynorsk salmebok.

Det var tonen som tok meg fyrst; han var noko «onnorleis». (Han er gjerne meir kjend frå «Kyrkja ho er eit gamalt hus».) So byrja teksten å nå inn til meg, og der var eit alvor eg likte.

På lågmælt vis og med ei framifrå språkføring vert frelsessoga fortald.

Elias Blix her og hine store salmediktarane var meistarar i å få fram det store med enkle verkemiddel, tykkjer eg. Dette er ein tekst som står seg og som mognast med ein sjølv. Eg har funne trøyst i han før og gjer det framleis. Salmen vart mykje sunge i kyrkja heime, og han tek meg soleis òg attende til gode kyrkjesundagar der.

Helsing Marit Merete Lunde

Jesus, du er den himmelveg

Nynorsk salmebok, nr. 294. T: Elias Blix 1875, 1891 (v. 4), M: Ludvig M. Lindeman 1840

1 Jesus, du er den himmelveg som til Gud Fader oss leider.

Frelsa det er å finna deg, liv og uvisnande heider.

Du er all skapnings ljøs og liv, verdi då enn i myrker sviv,
vinglande vilt millom graver.

2 Ljoset det inn i myrkret skin, myrkret det ikkje vil fata.

Gud sende verdi Sonen sin, verdi då honom må hata.

Han millom sine eigne stend, er då av sine ikkje kjend,
gjeng som ein framand i verdi.

3 Men dei som honom tok imot og ifrå myrkret seg vende,

dei som i tru med bøn og bot honom som Frelsaren kjende,

deim giv han all sin barnerett, føder deim atter til Guds ætt,
etter sitt namn han deim kallar.

4 Frelsaren til sin Fader fór, der han oss rom vilde reida,

sende so Anden sin til jord, som oss til sanning skal leida.

Han ved Guds ord i Jesu namn viser oss veg til himmelhamn;
Jesus er vegen og livet.

5 Jesus, eg høyra vil til deim som etter deg du kann nemna!

Lat meg ved deg til himmelheim dagleg få styra og stemna!

Utan din arm i miss eg gjeng, før du meg høgt på engleveng,
til eg i himmelen hamnar!

Marit utfordrar Eirik Straume Normann til å skrive om sin salme i neste nummer.



NYTT TOALETT: Soknerådsleiar Gøril Kvinge Nesheim klyppa snora... eh, toalettpapiret, for å markere at det nye toalettet er opna. Ho vart assistert av Håkon Øvstedal og Anita Gullbrå frå soknerådet. Foto: Solfrd Urke Nese

Nytt toalett til Nesheim kyrkje

Det har i alle år vore dårlege toalett- tilhøve i kjellaren i Nesheim kyrkje, særleg om vintrane med mykje snø og frost. No er det bygd nytt i tilknytting til reiskapshuset som står like utanfor kyrkjemuren. Ein må altså framleis

ut av kyrkja for å nytte toalettet, men no er det både betre plass, med tilkomst for rullestol/barnevogn. Etter lang tids planlegging og arbeid med finansiering og utforming vart endeleg toalettet teke i bruk søndag 19. oktober.



BRUKARVENLEG: Eit gløtt inn i det nye toalettet.

GI ÅRETS VIKTIGASTE JULEGÅVE

460 millionar barn lever i område med krig og konflikt. Vi er til stades der nøda er størst. Di hjelp reddar liv.

VIPPS til 2426



Mange konsertar


I KYRKJENE FRAM MOT JUL

Laurdag 22. november kl. 16.00

i Bergsdalen kyrkje

JULEKONSERT med Trine Duesund Straume, Eirik Straume Normann og Øystein Folkedal.

Billetsal ved døra. Kr 200,-, Vipps eller kontant.



Søndag 30. november

kl. 16.00 i Stamnes kyrkje

LYSMESSE/KONSERT m/konfirmantane, Blanke Messingen, Stamnes Barnekor, Martha-Lise Handal Langeland, Helen Børhaug, Hege Anita R. Tveito og organist Frode Vik.

Laurdag 6. desember

kl. 17.00 i Vaksdal kyrkje

ADVENTSKONSERT med Kilden, Kordial og kantor Ruben Gjertsen. Adventstankar ved Truls Langhelle. Kollekt ved utgangen.

Søndag 7. desember kl. 19.00 i Dale kyrkje

«HELGASONG»; Religiøse folketonar frå Hardanger, Voss, Eksingedalen, Sogn og Øygarden. Medverlande: Irene Tillung; akkordeon, Tore Brunborg; saxofon, Mats Eilertsen; kontrabass, Nils Økland; fele og hardingfele, Berit Opheim; vokal. Produsent: Nils Økland. Billettpris 250,-.



Fredag 12. desember

kl. 13.00 i Dale kyrkje

LUCIA-KONSERT, med og for barnehagane på Stanghelle og Dale – og for alle andre som vil koma!

Søndag 14. desember

kl. 16.00 i Vaksdal kyrkje

STRESS NED-KONSERT med Rakkadeis. *Me gjentar suksessen frå i fjor, og ynskjer å få ned pulsen i julestrida med ein nedpå konsert i Vaksdal kyrkje.* Forhåndskjøp billett på Hoopla.no.



Søndag 14. desember

kl. 19.00 i Dale kyrkje

ADVENTSKONSERT med Dale Mannskor, Dale Musikkforening, Trine Duesund Straume, Hege Anita Tveito, Lars Arve Styve og organist Frode Vik. Kollekt ved utgangen.

Laurdag 20. desember

kl. 16.00 i Nesheim kyrkje

ADVENTSKONSERT med Signe Nesheim, Heidi Nesheim, Trekkspillorkesteret Asbjørns og kantor Ruben Gjertsen. Adventstankar ved Solfrid Urke Nese. Kollekt ved utgangen.

- og aktivitetar før jul

Juleverkstad på Vaksdal 29. november

Laurdag 29. november kl. 11.00 er det juleverkstad for born i Vaksdal bedehus. Her lagar me fine ting til jul. Tilbodet er gratis, soknerådet spanderer, og borna får det dei har laga sjølve med seg heim. Mange av tinga me lagar er dei same frå år til år, men det gjer vel ikkje noko? Nytt av året er å lagafuglar med fjør til å henge på juletreet. Dei lagar me av silkeleire som ikkje søler og ikkje fargar av. Det vert andakt og noko godt å eta, og juleverkstaden er ferdige om lag kl. 14.00.

Laurdagsgraut i Dale bedehus 6. desember kl. 12.00-15.00

Velkomen til eit uformelt samkome der programmet er å ta ein pust i bakken, møte andre menneske og å ete graut.

Helsing Dale og Stanghelle Indremisjon og Dale sokneråd

Måndagskafeen i Vaksdal kyrkje

15. desember er siste dagen før jul.

Minnegudstenesta på Stamnes Nyårsaftan kl. 15.00

Minnegudstenesta gjeld for sokna Stamnes, Eksingedalen og Nesheim. Då tenner me lys for og les opp namna til dei som har hatt gravferd eller bisetjing med kyrkjeleg deltaking det siste året i dei sokna. Minnegudstenesta er open for alle som vil koma.



Vaksdal + Kuron = sant

Besøket frå Sør Sudan i september har sett spor etter seg.

Vaksdal kyrkjelyd hadde i september besøk frå Fredslandsbyen i Kuron, Sør Sudan. Her ser vi styreleiar biskop Emmanuel og direktør Lokii godt kledde for ein norsk haust.

Langt aust i Sør Sudan ligg eit lite samfunn med spreidd busetnad. Der fleire ulike folkegrupper levde på tradisjonelt vis som halvnomadar, vart Fredslandsbyen Kuron etablert som eit prosjekt i 1999. Området ligg 225 km frå næraste småby med tilkomst på ein særskild dårleg veg. Det var korkje skular eller helsetilbod i området, og det vart ofte alvorlege konflikter mellom dei ulike folkegruppene. Visjonen var å gje tilbod om utdanning, helsehjelp og bidra til å skapa fred mellom folkegruppene.



BISKOP: Biskop Paride Taban.

Den no avlidne sør-sudanske biskopen Paride Taban starta

prosjektet. Han var aktiv og hadde stor tillit både nasjonalt og internasjonalt. Han hadde mange kontaktar, og greidde å få finansiering til prosjektet, stort sett frå internasjonale gjevarar.

Resultatet ser vi no i dag: 800 elevar i tre førskular, ein grunnskule og ein vidaregåande skule, ein klinikk, og eit omfattande fredsarbeid i form av konflikthandtering, opplæring, tilrettelegging for dialog m.m. Dette er det einaste tilbodet for eit stort område med om lag 50 000 menneske. Det offentlege ikkje evnar å gje noko tilbod til dette området.

Kva har så Vaksdal kyrkjelyd med dette å gjera?

Vaksdal kyrkjelyd har gjennom fleire år samla inn pengar til dette arbeidet. I haust fekk vi besøk av to som står sentralt i arbeidet, styreleiar biskop Emmanuel Bernardino Lowi og direktør Eliah Lokii. 26. september møtte dei kyrkjelyden og informerte om arbeidet og situasjonen i Kuron. Dei fortalde, viste bilete og kunne gje heilt oppdatert informasjon om arbeid og utfordringar, gleder og sorger.

I soknerådsmøte 21. oktober vart det vedteke å støtta Fredslandsbyen i Kuron særskild. Det vil framleis verta ofringar i gudstenester. Det vil også leggjast til rette for å støtta



GJETARGUT: Vil denne guten få høve til å gå på skule?

konkrete behov i Fredslandsbyen, og innarbeidast ei fast bøn for han i kyrkjebøna. Det skal og leggjast vekt på å få regelmessig informasjon frå Kuron som kan formidlast til kyrkjelyden.



BESØK: To i ullgensar.

Greetings to the community of Vaksdal from HTPVK

Cordial greetings from the community of the Holy Trinity Peace Village Kuron and from myself. It has been of great pleasure coming to your church in September and warmed up by the kind and generous people that I met during the meeting we had on the 26th September 2025. As you might all know, the Peace Village Kuron is an Oasis of peace in a society that has been marred by violence, hatred, enmity, and tribal divisions. Our organization has been built on values of love as practiced by our late Bishop Paride Taban who still believed that despite the bitter relations among the communities in South Sudan, there is still hope that this can be transformed and that we can have communities living in peace and harmony and caring for each

other. This has been seen through our education, health, Peace-building and Livelihood programs. With our interventions we will spread love, peace and that we can show to the world that it is indeed possible for South Sudanese to live in peace and harmony. We have already achieved a lot since our beginning through different support but I want to mostly point out the support from the Norwegian Friends of Bishop Paride Taban and the Peace Village. Your support has been tremendous in our work and now we have the Toposa and the Jie completely living in Peace after decades of violence and brutality. We have children from these communities who have completed education and mentored from our schools and they have come



Gåver til dette arbeidet kan merkast
«Kuron» og sendast Vaksdal sokneråd,
bank 3530.23.95746 eller Vipps 137194

back to the communities to help transform them. The health center in Kuron has saved thousands of lives despite the absence of the government who is to provide these services. We want to continue to do more and we will like you to pray for us and support us in any way you can. We believe that in the near future and doing the right things, we will achieve our vision as the Peace Village. Once again thank you and God continue to bless you and protect you.

Yours in heart
Lokii Lokwaar Eliah
HTPVK Executive Director



BRYLLAUP

i Bergsdalen på Valetinsdagen?

Me ynskjer å leggje til rette for ein stor bryllaupsdag på sjølve Valentinsdagen neste år. Datoen er som før 14. februar, og neste år fell dagen på ein laurdag.

Me ynskjer at så mange som vil skal få høve til å gifte seg hos oss den dagen
- så langt tida rekk -
samt å gje høve til å ha middagen på Bergsdalstunet.

Høyrest ikkje dette kjekt ut?

Ta kontakt så snart som råd - og helst seinast 15. januar - med sokneprest Frode Kvamsøe (fk796@kyrkja.no / 901 96 514) viss de vil ha meir informasjon og/eller ynskjer å gifte dykk i Bergsdalen denne dagen.

Helsing Bergsdalen sokneråd



Måndagskaffi i konfirmantrummet i Vaksdal kyrkje.

Kvar måndag
er kaffien klar
kl. 12.00.

Vel møtt!

Vaksdal sokneråd



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Veggen i Vaksdal på Facebook!

Generasjonssong på Dale og Vaksdal

I haust har det vore Generasjonssong på Jamnetunet på Vaksdal ein fredag i månaden, og på Daletunet nokre tysdagar. Dette er eit samarbeid med Frivilligsentralen som har stilt med kaffimat, til stor glede for små og store!

På Vaksdal bakar dei òg sjølve, saman med dei eldre på huset. Veldig kjekke song- og matstunder for fleire generasjonar!



GENERASJONSSONG PÅ VAKSDAL: Maila og Erna har det kjekt etter generasjonssong på Vaksdal (t.h.).

GENERASJONSSONG PÅ DALE: Såpebobler er kjekt for alle (t.v.)!



Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust har det vore baby – og småbornssong vekselvis på Dale og Vaksdal på onsdagar. Kyrkjelydspedagog Kristin har leia samlingane, som består av song og regler, og me nyttar ulike effektar som rytmeinstrument, stoff og såpebobler. Sjå meir info under «Veggen vidare».

BABYSONG: Babysong på Dale.



Knøttesong på Dale og Vaksdal

I haust har me òg hatt knøttesong for born 1-5 år på Dale og Vaksdal onsdagar. Det har vore kjekke samlingar med både kjende og nye fjes – koseleg! Alltid fint å vera saman, både når det er få, og me blir meir kjende, og det er mange som får myldra ilag!

Samlingar for 4-åringar

Også i haust har me hatt enkle fireårssamlingar der borna fekk laga seg kvar sin adventskalender, basert på julekrybba. Ein konge leitar etter Jesusbarnet, og må gå på 24 stjerner i desember for å koma fram til Jesus i krubba, saman med Maria og Josef.



Stamnes barnekor

På Stamnes kvar torsdag ettermiddag i haust har Stamnes barnekor øvd i bedehuset. Me har fokus på songglede og leik, og har det kjekt saman, både på øving og når me framfører. Me har òg vore på teater og båttur saman, utflukter som var både innhaldsrike og gøye!

KONSERT: Stamnes barnekor i aksjon på haustkonserten på Stamnes.



PÅ BÅTTUR: Stamnes barnekor på båttur.

Utdeling av bøker i Eksingedalen, på Stamnes og på Vaksdal

Tradisjonen tru var det bokutdelingar i haust òg. Fireåringar på Dale fekk fireårsbok på ei gudsteneste 9. november, medan fireåringar og tiåringar frå Stamnes og Vaksdal sokn fekk fireårsbok og Nytestamentet under kvar si gudsteneste 16. november. I Eksingedalen delte me ut både bøker på ei gudsteneste i Eksingedalen i september.



UTDELING AV BØKER: Fireåringane på Stamnes (t.h.) fekk Mi kyrkjebok og tiåringane på Vaksdal fekk Nytestamente. Her saman med vikarprest Roar Strømme.





KVA SKJER PÅ VEGEN VIDARE?

Onsdagar frå 21. januar

0-13 år

SUPERONSDAGAR på Dale og Vaksdal

Me heldt fram med Superonsdagar vekselvis på Dale og Vaksdal, og startar 21.januar på Vaksdal. Desse onsdagane er det til saman tre ulike samlingar for born mellom 0 og 13 år:

11.30-13.30: Baby- og småbornssong (0-2 år)

Sanserike samlingar for dei yngste borna. Sjølve songstunda er ca. kl. 12. Lunsjtreff før og etter. Kom/gå som det passar! Ta gjerne med niste, me har drikke og frukt.

14.00-15.00: Etter skuletid (5.-7. trinn)

Ein trygg stad å vera saman etter skulen. Me gjer litt ulike ting kvar gong, som spel, aktivitetar, lekser, hobby, song, teikning og forteljing. Varmt måltid (ofte pølser) til alle!

17.00-18.00: Knøttesong (1-5 år)

Opplevingsrike samlingar med leik og song for borna i aldersgruppa. Mat, prat og frileik etterpå. Ta gjerne med niste, me har frukt og kaffi/te/vatn.

18.30-19.30 Barnekor for born 6-10 år

Me prøver oss igjen med barnekor for aldersgruppa. Lågterskel barnekor utan pianist, men me syng saman og har litt songleikar.

24.-25. januar

8 år

Tårnagenthelg

Siste helga i januar vert det arrangert Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje. Her er alle som blir åtte år dette året velkomne. Ein har fyrst ei samling på dagtid laurdag, der ein blant anna skal gjennom ei tårnagentløype, få agentbevis rundt halsen, bli delt inn i grupper og gjera ulike oppgåver samtidig som ein blir kjend med kyrkja. Sjølv sagt står ein tur i kyrketårnet også på planen! Sundagen er det tårnagentgudsteneste der tårnagentane bidreg med noko dei har førebudd dagen før.





Frå 31. januar

0-5 år

Knøttesong på Stamnes

Også etter jul vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-5 år på Stamnes. Me startar med ei samling laurdag 31.januar klokka 12-13.30. Fylg med på facebook-sida vår for oppdateringar på datoar vidare.

31. januar - 1. februar

11 år

Lys Vaken

I månadsskiftet januar-februar er det Lys Vaken i Dale kyrkje, for alle born i kommunen som fyller elleve år dette året. Her har ein ulike spennande aktivitetar, et pizza og overnattar i kyrkja til søndagen, då ein deltek i gudstenesta før det er heimreis. Dette pleier å vera veldig kjekt for dei som er med!



1. februar

11 år

Utdeling av Nytestamentet til elleveåringane på Dale

Under Lys-Vaken-gudstenesta i Dale kyrkje 1. februar vert det òg utdeling av Nytestamentet til alle elleveåringar som høyrer til Dale sokn. Gudstenesta kan alle sjølvsgatt koma på uansett om dei er med på resten av Lys Vaken-opplegget eller ikkje!



Konfirmant-jubilantar i haust



50 OG 51-ÅRSKONFIRMANTAR PÅ STAMNES 20. SEPTEMBER: Frå venstre: Eidrun Straume Normann, Jorunn Hårvik Brekkhus, Ingunn BjørkheimBreivik, Arild Kåre Bjørkheim, Britt Kari Eide Vik, Oddbjørn Vik, Ingunn Leiren, Magnar Eide, Ove Berntzen, Britt Åse Tysse, Kjell Gunnar Kvamme, Jarle Kallestad.



50-OG 60-ÅRSKONFIRMANTAR I VAKSDAL KYRKJE 5. OKTOBER: Frå venstre: Rune Vassdal, Lars Boge, Mona Tørresen Bruvik, Anne Eide Vågen, May Britt Eide Haugland, Holger Krogsrud, Erling Larsen, Bjørn Johan Fossmark, Per Nordmark, Ida Carlsen Eide Aabrek, Jan Vaksdal, Arvid Johan Løtveit, vikarprest Roar Strømme.



50-ÅRSKONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 12. OKTOBER: 1. rekkje frå venstre: Berit Pettersen, Berit Haugland, Randi Meland, Bente Birkeland. 2. rekkje frå venstre: Kari Espeland, Benthe Vik, Brita Hesjedal Lunde, Laila Dale Bergheim, Siw Birkeland. 3. rekkje frå venstre: Kurt Johannessen, Frode Risnes, Asbjørn Skjerve, Kai Ove Grenasberg, Stig Hilland, sokneprest Frode Kvamsøe.



60-ÅRSKONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 12. OKTOBER: 1. rekkje frå venstre: Magne Helle, Inge Rørvik, Berit Middtun, Bjørg Rolvså, Geir Bjarthe Thaule, sokneprest Frode Kvamsøe. 2. rekkje frå venstre: Bjørn Svensson, Helge D. Rørvik, Finn Fossmark, Terje Dalseid.



VAKSDAL BEDEHUS

Storsamling søndagar kl. 11.00

Datoar: 23. november, 14. desember,
18. januar, 8. februar, 1. mars, 22. mars.

Søndagsskule i kjellaren kl. 11.30 dei same dagane.

Føremiddagstreff torsdagar kl. 11.30

Med andakt, song og musikk, matpause m.m.
Kollekt til Vaksdal Indremisjon.

Alle er velkomne!

22. januar: Gjester: Ellen Haugland,
Ingunn Nøkland.

19. februar: Gjester: Audun Myksvoll,
Eva Bognøy.

19. mars: Gjester: Torhild Stav Skare,
Bjørge Stormark, Karl Magnus Valle.

Bibeltide ved Asle Hetlebakke

Torsdag 12. mars kl. 19.00.

Bønesamling kvar måndag kl. 19.00.

Bibelgruppe annan kvar torsdag kl 19.30
i oddetalsveke.

DALE BEDEHUS

Laurdagsgraut laurdag 6. desember
kl. 12.00-15.00.

Arr: Indremisjonen og soknerådet

Sjå elles annonsar i Vaksdalposten og plakatar
på Dale og Stanghelle.

Julefestar

Vaksdal bedehus: Laurdag 3. januar kl. 16.00.

Arr: Indremisjonen og soknerådet.

Dale bedehus: Vil bli annonsert.

Basar på Stamnes



BASAR: Ruben Gjertsen er pianist og Kristin S. Normann dirigent for koret, som elles har fleire andre vaksne leiarar og. Og det er plass til fleire songarar!

Foto: Eidrun S. Normann

Barnekoret song og på bedehuset sin eigen basar i november. Då var det fullt hus både i storsalen og småsalen, og det kom inn om lag kr 24.000.

Den årlege basaren som soknerådet har saman med barnekoret vert **torsdag 12. februar kl. 17.30.**

Set av datoen!

Årets siste konfirmant



DALE KYRKJE 18. OKTOBER: Amanda Hesjedal Tetoka vart konfirmert i Dale kyrkje 18. oktober. Her er ho saman med sokneprest Frode Kvamsøe.



KONFIRMANTÅRET ER I GANG: Her malar dei på stein.

Konfirmantane er i gang

Det er 34 konfirmanter i år, fordelt på dei tre største sokna i Vaksdal. Konfirmantane er delt i to grupper som samlast i Dale kyrkje etter skuletid anna kvar tysdag. Der brukar dei å få nokre praktiske oppgåver,

slik som her når dei malar på stein.

Før jul skal dei elles ha lysmess-er i sine heimkyrkjer samt

ha ei adventssamling der dei mellom anna skal lage julekort til dei eldste innbyggjarane i soknet.



Illustrasjonsfoto



**Hjelp barn
i hjem med rus**

90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!

**Gjør barnas hverdag
litt lysere.**

Gi din gave på **Vipps 936679**



+ Blå Kors



Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

ATLANTIS

VVS & INTERIØR

Din lokale rørlegger i Vaksdal

95 97 17 00



DALETEC

Sæterdal Elektro

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 565943 00



Sparebanken Norge

Tlf 56 59 39 00 - www.spv.no



Alt innan tømrararbeid

Tlf. 922 65 739
post@falkangerbygg.no



Falkanger Bygg er
forhandlar av Idehus
Sjå Idehus.no

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

Vangen Elektriske

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Brannvarsling
- Teleinstallasjonar
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 - www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

- Selskap
- Levering av mat
- Minnesamvære

Tlf. 93 213 213

Vaksdal Blomster og
BEGRAVELSESBYRÅ
- omsorg ved livets slutt -

DITT LOKALE BYRÅ SIDAN 1984

DØGNVAKT: 56 59 74 70
WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO

joker

Åpningstider 06.00-00.00 mandag til lørdag.
*Velkommen til Stamnes for ein hyggeleg handel
i vår delvis fjernbetjente butikk.*

NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ
Ditt lokale gravferdsbyrå

AVD. VAKSDAL
ALLTID HER FOR

deg

Ann-Elin M. Gullbrå Marit M. Alvheim

DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO

PRELUDIUM 2

Du kan kjøpe
boka her:

Petersens Handleri
Dale kyrkje
Kyrkjekontoret
www.zeth.no



**TRENGER DU NOEN
Å SNAKKE MED?**

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.
22 40 00 40 • soschat.no

KIRKENS SOS

LIVETS GANG



DØYPTE

Dale

09.11 Adrian Grenasberg Holme

Vaksdal

05.10 Alvin Lee Vassdal

16.11 Alex Vassdal Dalseid

16.11 Hedda Sæterdal Wefring (i Fjærland kyrkje)

Nesheim

21.09 Freya Gullbrå Wiig



VIGDE

Stamnes

16.08 Kristina Gammersvik og Morten Skjerve

Vaksdal

06.09 Magnhild Sæterdal Haugsvær og
Erlend Hagen



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale

06.10 Ada Nilsine Samuelsen 1934

08.11 Randi Torgny Henriksen 1924

Vaksdal

02.09 Borgny Thorsen 1927

08.09 Klara Larsen 1924

20.10 John Øyvind Skaftun 1941

Stamnes

10.10 Gunnar Bjarne Bukkestein 1941


TIL ORIENTERING

Søknaden frå Stamnes og Eidsland sokneråd om tilleggsløyving av vedlikehaldsmidlar til Eidsland kapell sitt 100-års jubileum, som det sto om i forrige kyrkjeblad vart handsama av politikkarane i formannskapsmøte tysdag 2.september.

Eit einstemmig formannskap (2-representantar frå Arbeiderpartiet, 2- frå Høgre, 1- frå Industri og Næringspartiet, 1- frå Senterpartiet og 1-frå Sosialistisk Venstreparti) stemte for sakshandsamar sitt forslag, og avsto søknaden.

Formannskapet beslutta samstundes at dette var ei sak dei kunne avgjera utan å ta den vidare til kommunestyret, so kva dei andre partia i kommunen meinte om ei slik sak, kom det ikkje noko svar på.

Stamnes og Eidsland sokneråd



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 30. november - 1. søndag i adventstida

STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse/ konsert v/konfirmantane, Blanke Messingen, Stamnes barnekor, Normann og Kvamsøe.
DALE KYRKJE kl. 20.00. Lysmesse v/konfirmantane og Kvamsøe.
VAKSDAL KYRKJE kl. 20.00. Lysmesse v/konfirmantane, Normann og Strømme.

Søndag 7. desember - 2. søndag i adventstida

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Adventsgudsteneste v/Kvamsøe.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Adventsgudsteneste v/Strømme.
NESHEIM KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse v/Kvamsøe.

Søndag 14. desember - 3. søndag i adventstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse v/Kvamsøe.

Søndag 21. desember - 4. søndag i adventstida

Ingen gudstenester i kyrkjene i Vaksdal.

Julaften - 24. desember

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 12.00. Julegudsteneste v/Kvamsøe og Julekoret.

STAMNES KYRKJE kl. 13.00 Julegudsteneste v/Strømme.

EIDSLAND KAPELL kl. 14.00. Julegudsteneste v/Kvamsøe.

DALE KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste v/Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste v/Strømme.

1. Juledag

DALE KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida). Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal og Dale sokn v/Kvamsøe.

2. Juledag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida). Høgtidsgudsteneste v/Strømme.

Nyårsaften

STAMNES KYRKJE kl. 15.00. Minnegudsteneste for Stamnes, Eksingedalen og Nesheim sokn v/Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE kl. 23.00. Midnattsmesse v/Kvamsøe.

Søndag 4. januar - Kristi openberringsdag

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00 Gudsteneste.

Søndag 11. januar - 2. søndag i openberringstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.

DALE KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste.

Søndag 18. januar - 3. søndag i openberringstida

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.

EIDSLAND KAPELL kl. 15.00. Gudsteneste.

Søndag 25. januar - 4. søndag i openberringstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Vegen-gudsteneste /Tårnagent-helg.

Søndag 1. februar - Sámannssøndagen

DALE KYRKJE kl. 11.00. Vegen-gudsteneste / Lys Vaken-helg.

Søndag 8. februar - Kristi forklåringsdag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.

Søndag 15. februar - Fastelavnssøndag

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.

Søndag 22. februar - 1. søndag i fastetida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.

Søndag 1. mars - 2. søndag i fastetida

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste.

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00 Trekkspelegudsteneste v/Asbjørns.

Søndag 8. mars - 3. søndag i fastetida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.

Søndag 15. mars - 4. søndag i fastetida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste.

*Det vil kome endringar i gudstenestelista.
Sjå heimesida vår, lokalavisene og oppslag.*

Ta kontakt med kyrkjekontoret ved ynskje om dåp.



Døype barnet - eller bli døypt sjølv?

Ver velkomen til dåp!
Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20

Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam

Kom innom: Fabrikkvegen 3 på Dale

Heimeside: www.kyrkja.no/vaksdal

Tidlegare fekk me melding om alle nyfødde,
og kunne sende innbyding til dåp.

No får me ikkje lenger den informasjonen,
og kan difor ikkje sende innbyding direkte.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane i Vaksdal